



Velledalen - der folk trivst er alt muleg

Torsdagskafeen har no vore i drift ei tid. Kafeen serverer middag frå kl 13.30 til 17.00 og det koster 100 kr for stor middag, og 70 kr for liten. ViB har fått driftstala så langt i haust, og dei ser ikkje heilt bra ut. Derfor er det ikkje sikkert at ein kan halde fram med tilbodet etter jul. Det betyr ikkje at det vert slutt på skulematen. Elevane ved skulen skal få varm mat også i framtida, men det er ikkje råd å halde oppe kafetilbodet om det ikkje er større interesse for det. Vi fortset fram til jul så får vi ta ei avgjer på nyåret. Komande torsdag står det steikt ball på menyen.

Jokerbutikken (som garanterer for skulematen) har god handel for tida, og denne veka passerer vi 5 million i netto omsetning. Får vi ein god julehandel så greier vi målsettinga vår også i år. Takk til kundane som støttar butikken, og takk til Marianne og Torill som står på og held butikken open frå kl 1000 til kl 1800 seks dager i veka. Tippinga har og fin omsetning. Minner om at kaker kan tingast på butikken. Kransekake er særskilt aktuelt no før jul.

Holmbergs Gartneri har også i år drivhusa fulle av juleblomar. Opningstida fram mot jul er mellom kl 10.00 og 19.00.

Til dei som slit med julegåvelista kan DiS melde at **Ullmax** har fleire nye produkt denne hausten. Elisabeth Urke er ansvarleg for salet.

Velledalen Skule vann 10000 kroner! Det lønner seg å skylle, brette og stappe kartongkubber. Akkurat det kan Velledalen Skule skrive under på. Mellom fleire tusen deltakarar, stakk Velledalen Skule av med sigaren og sikra seg dermed 10.000,- kroner i Returkartonglotteriet!

Ein innlevert kartongkubbe med påskrifta "Velledalen Skule" vart trekt ut som vinnar i det nasjonale Returkartonglotteriet i regi av Grønt Punkt Norge AS.

"Mørkveilen" vert delt ut av ViB til nokre personer som har gjort og gjer ein god lokal innsats. Så langt er det Gunnar Velle og Hedda Hjortdal som har fått dei. Gunnar for sitt arbeid for sogelaget og sogelagskveldane. Hedda har nett teke på seg å vere leiar i Velledalen UL. Ho har med seg ein fin ungdomsgjeng i styret. DiS ynskjer lukke til vidare.

Arbeidet med den planlagde **tomannsboligen** er no kome så langt at selskap for bygging må skipast. Er det nokon som kan tenkje seg å vere med i eit eigarselskap så ta kontakt med ein av styrerepr. i ViB.

Velledalen Impuls har halde til i bedehuset i 20 – 25 år. Det er samling annankvar fredag, og komande fredag kl 1930 - 2200 er det ny samling.

DiS minner og om opningstidene til **symjehallen**, som er måndag 18.00-20.00, onsdag 18.00- 20.00 , laurdag babybading 13.00 14.00, familiebading 14.00-18.00 og søndag kl.15.00- 18.00.

Velledalskoret har i år julenattene både i Stranda og Sykkylven kyrkje. Stranda 17. des kl 2100 og Sykkylven 18. des kl 2200.

20. des er det julefest ved **Velledalen Skule**

26. des er det, tradisjon tru, **romjulsarsj.**

29. des er det **juledans med "Brudern å e"** på grendahuset.

Elles så oppfordrer DiS alle til å henge opp plakater på Joker slik at folket vert mint på det som skjer i dalen desse siste dagane av 2010.

Styret i ViB ynskjer alle lesarar ei GOD JUL

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.